Arkiv:	
JournalpostID:	19/2054
Saksbehandlar:	Ørjan Raknes Forthun
Dato:	27.11.2019

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
011/19	Alver formannskap	05.12.2019
052/19	Alver kommunestyre	19.12.2019

Vass- og avløpsgebyr 2020

Vedlegg i saken:

27.11.2019	Vass- og avløpsgebyr i Alver kommune, framlegg 25.11.2019	1329143
27.11.2019	Oversikter utvikling, vass- og avløpsgebyr 2020	1329144

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:
«Alver kommunestyre godkjenner vass- og avløpsgebyra for 2020, slik dei går fram av framlegg datert 25.11.2019.»

Alver formannskap 05.12.2019:

Behandling:
Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 011/19 Vedtak:
«Alver kommunestyre godkjenner vass- og avløpsgebyra for 2020, slik dei går fram av framlegg datert 25.11.2019.»

Alver kommunestyre 19.12.2019:

Behandling:
Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO- 052/19 Vedtak:
«Alver kommunestyre godkjenner vass- og avløpsgebyra for 2020, slik dei går fram av framlegg datert 25.11.2019.»

Saksutgreiing:
Bakgrunn
Summen av dei årlege vass- og avløpsgebyra (VA-gebyra) skal dekkje kostnadene kommunen har med vassforsyning og handtering av avløp. Inntektene skal dekkje alle driftsutgiftene gjennom året, og konsekvensane av investeringane – dvs avskrivingar og kalkulatoriske renter. Oversikten over investeringane går fram av økonomiplan investering, stadfesta gjennom årlege vedtak om investeringsbudsjett. Oversikten over driftsutgiftene byggjer på førre års rekneskap.

Driftsnivået og investeringstiltaka er prioritert med ei målsetting om å sikre alle innbyggjarar og næringsdrivande i Alver ei stabil og trygg vassforsyning, og hindre ureining frå avløp. Oppgåveområdet er strengt regulert når det gjeld standard og kvalitet på tenestene. Tenestene kan fullt og heilt finansierast av gebyr; kommunen sin økonomi skal ikkje verke avgrensande på standarden.

Fastsetting av dei årlege vass- og avløpsgebyra byggjer såleis på ein prognose over kostnadene komande år, med utgangspunkt i rekneskapen for førre år pluss verknadene av gjennomførte investeringar. Eventuelle avvik mellom inntekter og utgifter blir sett på fond; ved overskot skal midlane vere med på å finansiere komande års drift, og ved underskot skal komande års inntekter dekke inn det som manglar.

Arbeidet med å samordne Meland, Radøy og Lindås sine VA-budsjett (vatn- og avløpsbudsjett) starta i 2019, m.a. gjennom eigne vedtak om harmonisering av fond i kvar kommune i desember 2018. Hausten 2019 har arbeidet med å sy saman driftsbudsjetta og investeringsbudsjetta pågått for fullt. Det er eit relativt krevjande arbeid der talmateriale er blitt lagt inn i ein felles modell for utrekning av VA-gebyra.

Fastsetting av vass- og avløpsgebyr er heimla i Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg av 16.03.2012, Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta) av 01.06.2004 og Lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr i Alver (sjå eiga sak).

Forurensningsforskrifta § 16-1 stiller opp rammene for gebyra. Inntektene frå VA-gebyr skal ikkje vere høgare enn kostnadene knytt til drift, vedlikehald og investeringar. Eit overslag over direkte og indirekte kostnader for dei næraste tre til fem åra skal leggjast til grunn for utrekninga, saman med overslag over samla gebyrinntekter.

Vurdering
For 2020 er det lagt vekt på å vidareføre driftsnivået i dei tre kommunane inn i Alver. I 2020 vil arbeidet med ein felles VA-plan ha høgste prioritet, denne vil ligge til grunn for seinare års investering og drift. Det er allereie ferdig planlagt eller starta store investeringsprosjekt som må handterast i driftsbudsjettet, og dette påverker gebyrregulativet.

Arbeidet med det nye driftsbudsjettet for 2020 har teke utgangspunkt i eit nøkternt nivå, men vassforsyninga må vere særskilt sikra mot ureining, fylle alle rensekrav og ha trygge kontrollrutinar. Det er ikkje lagt opp til auke i driftsutgiftene frå 2019, utover normal løns- og prisstigning. Sjølv om det blir fleire anlegg å drifte, som ein konsekevens av investeringane,

vil ein utnytte stordriftsfordelane ved kommunesamanslåinga for å halde driftsutgiftene nede. Kapitalkostnadene som følgjer av investeringane aukar derimot.


Kostnadsoversikt 2020, summar medrekna mva:


Gebyrgrunnlag 2020:	**Vatn**	**Avløp**
Driftskostnader	55 832 720	27 477 127
Tilknytingsgebyr	-3 900 000	-3 900 000
Andre inntekter	-457 269	
Bruk av fond	-1 500 000	-2 000 000
Vassmålarleige	-25 250	
Totalt, kostnader som skal gebyrfinansierast	**49 950 201**	**21 577 127**

Ved inngangen til Alver vil det vere 8 343 hushaldsabonnentar på vatn og 5 559 på avløp. Det er 1 235 næringsabonnentar på vatn og 503 på avløp.

Som det går fram av grafane under her, som viser kva gebyra er sett saman av, er det kapitalkostnadene som auker. VA-planen (hovudplan for vatn- og avløpsanlegg) for Alver vil kunne endre dette biletet. VA-planen vil ta utgangspunkt i kartlagte behov i dei tre kommunane og planlagt utvikling i Alver, jf sist godkjente kommuneplanar.

Overslag over direkte og indirekte kostnader for dei næraste tre til fem åra:





Nærare oversikt over utviklinga i kapitalkostnader og normalgebyr ligg ved.

Framlegg til gebyrnivå i Alver

Gebyrnivået har vore ulikt i dei tre kommunane, først og fremst på grunn av eit ulikt investeringsnivå. Frå 2018 har planlagte investeringar til dels blitt sett på vent, av omsyn til arbeidet med felles plan for Alver og eventuelle endra prioriteringar. Investeringar er også til dels skubba ut i tid på grunn av kapasitetsmessige utfordringar.

Gebyrregulativet i dei tre kommunane fekk derfor ei særskilt justering i 2019, sett i høve til 2018. Målet var å starte med eit nokonlunde likt utgangspunkt for innbyggjarar og næringsdrivande i Alver når det gjeld status på fond. Resulatet er at ved inngangen til Alver har Meland og Lindås nådd omtrent likt fond rekna pr innbyggjar både for vatn og avløp (høvesvis om lag 600 kr og 1.150 kr). Radøy har lågare fond pr innbyggjar på vatn (176 kr) og høgare på avløp (1.739 kr). Dette anslaget bygger på prognose for resten av 2019.

Oversikt over avgiftsnivået i 2018 og 2019, og framlegg til gebyrnivå i Alver 2020 (normalabonnement):

	Radøy årsgebyr normalabb.	**Meland** årsgebyr normalabb.	**Lindås** årsgebyr normalabb.	**Alver årsgebyr normalabb.**	**Fond pr 01.01**	**Fond pr 31.12.2020** (planlagt)
Vatn 2018	2 658	5 212	3 719		11 177 048	
Vatn 2019	3 706	4 614	4 647		5 657 663	
Vatn 2020				**4 283**	5 063 119	3 563 119
Avløp 2018	3 958	3 829	4 529		15 921 558	
Avløp	3 650	4 192	2 078		15 018	

2019					563	
Avløp 2020				**3 960**	7 989 885	5 989 885

Alle prisar er medrekna mva.

Det er lagt til grunn at fonda skal reduserast også i 2020. Dette fordi maksimalgrensa for kor mange år det kan stå midlar på fond før dei må nyttast, er nådd for deler av begge fonda. Det tyder at årsgebyra for 2020 vert lågare enn det dei ville vore dersom kostnadene skulle vore 100 % finansiert av VA-gebyra.

Andre element i regulativet:

Det er lagt inn tre betalingsterminar, som Radøy og Meland har i dag. Dersom det blir aktuelt med månadlege trekk eller andre avtalar, kan dette oppdaterast i det årlege regulativet.

Elles syner regulativet sats for leige av vassmålar, tilknytingsgebyr, oppmøtegebyr når kommunen rykkjer ut dersom vassmålar ikkje blir avlest av abonnenten etter 4 purringar, og eksempel på utrekning av gebyr.

VA-gebyra vil bli innarbeida i den samla oversikta over gebyr og betalingssatsar i Alver.

Konklusjon

Vassforsyninga har fått stor merksemd dei siste åra, både når det gjeld driftsstandard og tryggleik. Kommunen plikter å sikre ei stabil og trygg vassforsyning. Manglande tiltak, oppgraderingar, utbyggingar eller tilpassingar til klimaendringane kan ha i særklasse negative konsekvensar. Programansvarleg rår til at Alver kommune sikrar ei forsvarleg vassforsyning med dei tiltaka som er nødvendig for å levere eit trygt vatn. Vidare at kommunen sørgjer for avløpsrensing som held fjordar og ferskvatn fri frå ureining. For å nå måla, må Alver kommune ha eit gebyrnivå som gjer det mogeleg å halde oppe ein nødvendig innsats.